



Posten Norge AS
v/Frode WOLD
0001 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6262 - 14/19706

Saksbehandlar:
Harald Solheim
Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:
01.09.2014

Endring av postgrense mellom postnummer 5953 FONNES og postnummer 5955 LINDÅS og 5954 MONGSTAD i Lindås og Austrheim Kommunar i Hordaland

Lindås kommune har fått henvendelse frå innbyggjarane i nordre del av kommunen. Dei har postnummer 5953 FONNES, men er innbyggjar i Lindås kommune og burde høyra til postnummer 5955 LINDÅS.

På grunn av at postområde/grensa ikkje følgjer kommunegrensa i dette området (sjå vedlagte kart) skapar dette store problemer for dei som tilhøyrer dette området. For eksempel – dei vert registrert i Austrheim kommune, skattetrekk til Austrheim kommune, feil i forhold til lege, forsikring, Brønnøysund m.m i staden for Lindås kommune.

Problemet er svært stort i vår datatid og det er umulig å få desse tinga som er nemt ovanfor endra før postområde/grensa vert fløtta.

Vi ber om at POSTEN NORGE endrar postgrensa til LIK kommunegrensa i området (sjå kart) slik at vi unngår desse problema i kvardagen for innbyggjarane våre.

Dette hastar å få gjort då ein forstår det slik at postgrensene vert kun endra 1 gang pr.år og sett til 1. oktober.

NY grense – grøn farge (sjå kart) som er lik kommunegrense mellom Lindås og Austrheim kommunar.

Rosa farge – eksisterande postgrense(sjå kart)

Spørsmål ver vennleg å ta kontakt med sakshandsamar

Lindås kommune håper på snarleg handsaming av søknaden og positivt svar.



Med helsing

Tommy Veland
Fagleiar geodata

Harald Solheim
Konsulent geodata

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.